



Saksprotokoll

Organ: **Hovudutval for næring og kultur**

Møtedato: 31.01.2017

Sak nr.: 16/8256-7
Internt I.nr. 4237/17

Sak: 3/17

Tittel: **Friluftsråd i Sogn og Fjordane**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til å gje slik tilråding:

1 Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar kommunale initiativ til å opprette interkommunale friluftsråd i Sogn og Fjordane.

2 Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg til oppretting av friluftsråd gjennom informasjon og å etablere kontakt mellom Friluftsrådenes landsforbund og dei aktuelle kommunane.

3 Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein ambisjon om stønad til oppstart av interkommunale friluftsråd i Sogn og Fjordane på inntil 25 000 kr pr. kommune som vert medlem. Dette under føresetnad av at vilkåra for stønad som er skissert i saka vert halde.

4 Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein intensjon om 100 000 kr årleg driftsstønad til kvart friluftsråd. Dette under føresetnad av at vilkåra for stønad som er skissert i saka vert halde.

5 Det er usikkert kva omfang etableringa av friluftsråd vil få i 2017. Det vert sett av ei ramme på 200.000 kr dekka av teneste 4005, til disposisjon for hovudutvala; hovudutval for næring og kultur. For seinare år vert etablering av friluftsråd og driftsstøtte til desse å innarbeide i budsjett og økonomiplan.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet gjorde framlegg om å utsetje saka.

Avrøysting:

Samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Saka vert utsett.